



## HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I INTRODUKSJONSLOVA MED FORSKRIFTER

### Saksgang:

Utval	Saksnummer	Møtedato
Senior- og Brukarrådet	023/17	28.08.2017
Levekår	031/17	30.08.2017

### Framlegg til vedtak:

- Time kommune støttar i all hovudsak opp under endringsforslaga som skal bidra til at fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap går over i arbeid eller utdanning etter avslutta kvalifisering.*
- Time kommune vil i det vidare arbeidet med lovendringa be departementet vera merksam på manglande reaksjonar når innvandrara ikkje møter til undervisning, og at erfaringane viser at kvalifiseringsbehova endrar seg når innvandrara får betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet.*

### **Senior- og Brukarrådet**

Framlegget vart samrøystes vedtatt (8 røyster).

### **SBR-023/17 Framlegg:**

- Time kommune støttar i all hovudsak opp under endringsforslaga som skal bidra til at fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap går over i arbeid eller utdanning etter avslutta kvalifisering.*
- Time kommune vil i det vidare arbeidet med lovendringa be departementet vera merksam på manglande reaksjonar når innvandrara ikkje møter til undervisning, og at erfaringane viser at kvalifiseringsbehova endrar seg når innvandrara får betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet.*

### **Levekår**

Framlegget vart samrøystes vedtatt.

### **LEV-031/17 Vedtak:**

1. *Time kommune støttar i all hovudsak opp under endringsforslaga som skal bidra til at fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap går over i arbeid eller utdanning etter avslutta kvalifisering.*
2. *Time kommune vil i det vidare arbeidet med lovendinga be departementet vera merksam på manglande reaksjonar når innvandrara ikkje møter til undervisning, og at erfaringane viser at kvalifiseringsbehova endrar seg når innvandrara får betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet.*

# HØYRINGSUTTALE - FORSLAG TIL ENDRINGAR I INTRODUKSJONSLOVA MED FORSKRIFTER

## SAKA GJELD

Høyring av Justis- og beredskapsdepartementet sitt forslag om endringar i lov av 4. juli 2003 nr. 60 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarak (introduksjonslova) med forskrifter. Høyringsfristen er sett til 15.09.2017.

## SAKSOPPLYSNINGAR

Høyringsnotatet er todelt. Del ein tek føre seg forslag som følgjer opp tiltak i St meld nr 16 (2015-2016) «Fra utenforskap til ny sjanse. Samordnet innsats for voksnes læring» og St meld nr 30 (2015-2016) «Fra mottak til arbeidsliv – en effektiv integreringspolitikk». Desse forslaga skal bidra til at fleire deltakarar i introduksjonsprogrammet og opplæring i norsk og samfunnskunnskap går over i arbeid eller utdanning etter avslutta kvalifisering. Del to gjeld introduksjonslova si avgjersle som regulerer behandling av personopplysningar. I denne høyringsuttalen har rådmannen valt å konsentrera seg om del ein.

Del ein i høyringsnotatet tek føre seg følgjande forslag:

- Utvida personkretsen i føremålbestemmelsen til å gjelda asylsøklarar
- Påleggja kommunen å tilby opplæring i norsk og opplæring i norsk kultur og norske verdiar til bebuarak i mottak som ikkje har fått svar på søknaden sin om opphaldsløyve, og at den enkelte får ei plikt til å delta i slik opplæring
- Presisera i bestemmelsen om individuell plan at ordningane i introduksjonslova skal byggja vidare på kompetansekartlegging og andre tiltak gjennomført i mottak
- Sikra at arbeids- eller utdanningsretta tiltak alltid skal vurderast i arbeidet med å utforma den enkelte sin individuelle plan
- Målbera at kommunane kan forlengja introduksjonsprogrammet til inntil tre år når dette vil auka moglegheita for deltaking i arbeidslivet eller til å nå målsetjinga i individuell plan
- Utvida tilgangen til å søkja fritak frå plikt til å delta i opplæring i norsk og samfunnskunnskap på grunn av gjennomført opplæring etter opplæringslova
- Innføra ei plikt til å leggja til rette for eit individuelt tilpassa tilbod for deltakarar i introduksjonsprogram og oppæring i norsk og samfunnskunnskap som er i omsorgspermisjon
- Endra forskriftsheimelen i introduksjonslova § 20 ved å gje meir utfyllande omtale om kva det kan gjevast utfyllande avgjerder om, og at det skal gå klart fram av lova at det i forskrift kan gjevast utfyllande reglar om eventuelle straffereaksjonar ved fusk eller forsøk på fusk på avsluttande prøvar i norsk og samfunnskunnskap

## VURDERING

Rådmannen vurderer at det er mykje positivt i høyringsutkastet. Endringane i høyringa legg opp til meir målretta kvalifisering og tidleg tilrettelegging for arbeid. At asylsøklarar kjem i gang med kvalifisering til arbeid allereie på asylmottaket kan vera eit bidrag til betre trivsel for kvar enkelt på mottaket, og til raskare integrering. For dei som vert busette i ein kommune, er det ein fordel at dei har kome i gang med språkopplæringa allereie på

mottaket. Dette gjer det lettare å koma tidleg i gang med å finna arbeid.

Deltakarar med plikt til 300 eller 600 timar norsk og samfunnskunnskap må per i dag følgja undervisning etter introduksjonslova sin læreplan for å få timane godskrivne. Forslaget som ligg til høyring er at timar i norskfaget i grunnskule for vaksne, etter opplæringslova, skal kunne teljast på line med timane etter introduksjonslova. Dette meiner rådmannen er eit godt forslag. Norsk etter opplæringslova gjeld også norsk språk, sjølv om det ikkje er same fagplanar. I forsøket med modulisert grunnskuleopplæring for vaksne, kalla FVO/førebuande vaksenopplæring som no vert gjennomført i kommunen, vert det lagt opp til at norskfaget i opplæringslova skal ta inn i seg element av norskopplæring i introduksjonslova. Dette forsøket er i tråd med endringsforslaget, og norsk språkopplæring og norskfaget vil hermed i stor grad vert sett i samanheng.

Mange deltakarar får barn medan dei er i introduksjonsprogrammet. Departementet føreslår at kommunen skal ha ei plikt til å følgja opp den enkelte under permisjonstida, og gje eit minimumstilbod om språktrening og norskopplæring. Rådmannen ser at dette kan hindra isolasjon, og bidra til at norsknivået vert oppretthalde i permisjonstida. I Time har me erfaring med slik oppfølging via mor/barn-gruppa i den opne barnehagen på Bryne. Kvinnene som deltek her, gjev uttrykk for at gruppa er svært nyttig for dei i permisjonstida.

Sjølv om norskopplæring på mottak vert ei plikt for asylsøkjaren, er det grunn til å tru at ikkje alle møter på skulen. Kommunen ber departementet sjå på kva reaksjonar som kan vera aktuelle i slike tilfelle.

Rådmannen ber også om at departementet er merksam på at etter kvart som innvandraren får meir og betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet, viser det seg ofte at kvalifiseringsbehova endrar seg, og at vegvala vert heilt annleis enn først tenkt. I høyringa går det fram at kommunen skal byggja vidare på tiltak som er gjennomførte før innvandraren vert busett i ein kommune ved utforming av introduksjonsprogram og opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Det vert tilrådd at kommunen ikkje brukar ressursar på å gjenta kartlegging, opplæring og tiltak som allereie er gjennomført for å spare tid og ressursar. Rådmannen meiner det er viktig å følgja opp dette, men ser at det i praksis kan ta lang tid før bakgrunn, føresetnader og kvalifiseringsbehov kjem på plass.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen meiner at høyringsutkastet om endringar i introduksjonslova med tilhøyrande forskrifter er eit bra utgangspunkt, og tilrår at kommunen i all hovudsak støtter opp under endringsforslaga. Rådmannen vil rå til at departementet i det vidare arbeidet med endringa av lov og forskrifter er merksam på manglande reaksjonar i tilfelle asylsøklarar ikkje skulle møta til undervisning, samt at departementet har fokus på at det kan ta lang tid før bakgrunn, føresetnader og kvalifiseringsbehov kjem på plass.

Rådmannen i Time, den 10.08.2017

Brit Nilsson Edland

Vedlegg:

Høringsnotat - Introduksjonslova

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent i systemet og krev derfor ikkje signatur*

